

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



Frå misjonsgudstenesta i Blomvåg 12. juli

i samband med generalforsamlinga til Misjonssambandet i Bergenshallen.

Frå v.: NLM sin representant i Etiopia Tore Vågen, sokneprest Svenn Martinsen og kyrkjepresidenten i Etiopia Wakseyoum Idossa (Mekane Yesus-kyrkja), som var predikant under gudstenesta.

Les meir på siste side.

**I dette
nummeret
kan du
m.a. lesa:**

TV-aksjonen hausten 2009 Side 5
Valpresentasjon bispedømerådsvalet Side 7-10
Helsing frå misjonærane våre Side 13

«Ich bin ein Berliner!»



I

Det er akkurat 20 år sidan når eg skriv dette. Den 19. august 1989, på grensa mellom Ungarn og Østerrike, hende noko heilt uventa. Dei ungarske grensevaktane klypte opp piggråden i "jarnteppet". Fleire tusen flyktingar frå DDR strøymde over grensa til fridomen i Østerrike, før dei i Trabantane sine fann vegen vidare til Vest-Tyskland. No kunne dei få møta att familiemedlemer og vener dei ikkje hadde sett på mange tiår.

10.september same året opna Ungarn for fri utreise for folk frå DDR. Den aust-tyske opposisjonen sette i gong massedemonstrasjonar over heile landet. Generalsekretær Erich Honecker måtte gå av, og til slutt måtte DDR-leiinga opna "arbeidar- og bondestaten" sine grenser. Landet var konkurs. Sovjetunionen under Gorbatsjov ville ikkje lenger hjelpe den gamle samarbeidspartnaren sin. Det var leiar i Berlins kommunistparti, Günther Schabowski, som kom med den sensasjonelle kunngjeringa på ein pressekonferanse den 9.november om kvelden: «Fri utreise for alle DDR-borgarar!» Og då grensa vart opna først i Berlins Bornholmer Strasse kl.22.30 same kvelden, må vi kunne seia at eit stort under hende framfor augo våre, direkte sendt på TV: Det viktigaste symbolet for jarnteppet falt: Berlin-muren opna seg!

Grensa mellom DDR og resten av Tyskland hadde blitt permanent stengd den 13.august 1961 då Berlinmuren vart bygd. På ein meir enn 140 km lang strekning vart 45000 betongseksjonar oppsett, 3,6 m høge og 1,2 m lange. Her var "barberblad"-piggråd, over 116 vaktårn, mange vaktthundar, og eit breitt "ingenmannsland". 5000 personar lukkast likevel i å rømme over muren. Men 3200 vart tekne mens dei prøvde "republikkflykt", som det hemelege politiet Stasi kalla det, og 136 vart drept.

II

Det som hende det utrulege året 1989 i Aust-Europa og i Tyskland er eit flott bilete på Det Heilage Evangeliet om Jesus.

«Han avvæpna maktene og herredøma og stelte dei fram til spott og spe då han synte seg som sigerherre over dei på krossen.»(Kol.2,15)

Jesu soning av våre synder, og siger over synda, døden og den onde på Golgata fortel oss at muren mellom Gud og oss har falle. Grensa er opna. Vi skal få gå gjennom døra. Inn til Faderen for Sonen, Jesu Kristi skuld. Fridomen i Guds Rike ventar på oss!

«Eg er døra. Den som går inn gjennom meg, skal verta frelst, og han skal gå inn og gå ut og finna beite.»(Joh.10,9)

Det går mange rundt mellom oss og trur at livet med Jesus er trist og tungt. Men Herren er ingen diktator, og er inderleg glad i kvar einaste ein av oss. Han ønskjer oss berre alt godt, vil tilgje oss alle syndene våre og stryke dei ut. Ja, Han vil óg fylla oss med sin gode Heilage Ande, slik at vi kan visa Guds gode smil og kjærleik til alle menneske.

«Sjå, eg har sett framfor deg ei opna dør, som ingen kan stengja.»(Op.3,8)

III

Då Berlin-muren opna seg måtte mange tenkje attende på president John F.Kennedy sine ord då han heldt tale ved muren i Vest-Berlin den 26.juni 1963.

Han sa då det som er blitt ei verkeleg klassisk setning frå det 20.århundre:

«Ich bin ein Berliner.»

«Eg er ein Berliner.»

Han ville garantere Vest-Berlin og Vesten sin fridom opp mot kommunismen sin ufridom. Gjennom saga har likevel Berlin stått for mykje vi *ikkje* vil identifisera oss med.

På Berlin sin hovudgate Unter den Linden marsjerte t.d. både Hitler sin Wehrmacht, og altså Honecker sin Volksarmée. Ein trikketur unna låg det forferdelege Plötzenseefengslet og i Oranienburg nord for byen låg Sachsenhausen KZ-leir, der far min sat frå 1943-1945 saman med mange andre som hadde vore med i motstandskampen mot nazismen.

Kyrkja må alltid tale imot einsretting, diktatur, undertrykking, og vitna om mennesket sitt høge verd for Gud, og kallet til lydndad mot Han.

Og når vi i våre liv kjenner det som at alt er stengd, og vi ikkje anar nokon utveg, er det godt at det kjem ein og seier:

«Ich bin ein Berliner.»

eller:

«Får Sonen gjort dykk frie, vert de retteleg frie.»(Joh.8,36)

Det å følgje Jesus, i lydndad mot Hans Ord, er eit godt liv.

«Å elska Gud er å halda hans bod, og hans bod er ikkje tunge.»(1.Joh.5,3)

Det er fridom i å vere bunde til Herren!

svennam@hotmail.com

Den norske kyrkja
i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Hjelmeg og Blomvåg kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- innan kommunen
Min. kr 150,- utanom kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonr.: 3628.07.02557
Trykk: Grafisk Trykk, 5353 Straume
Distribusjon i Øyg.: Hurtiglevering, tlf 9866 5329

Kyrkjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kontor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kontor@kyrkja.net

Kyrkjelydspedagog:

Trine Overå Hansen
E-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
Telefon: 5638 2247

Kantor:

Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf.: 5638 2245/9188 1208

Sokneprest:

Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf.: 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:

Bjørge Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf.: 4781 6181

Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net
Tlf.: 5638 2243/990 16 616

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197
Klokkar i Blomvåg: Ole Vik

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik 900 30 753/900 75 652

Blomvåg kyrkje: 5638 7022

Hjelme kyrkje: 5638 8030

Råda:

Hjelme sokneråd:

Leiar: Atle Dävøy

Blomvåg sokneråd:

Leiar: Olaug Merete Rong

Øygarden kyrkjelege fellestråd:

Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgget. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



Eg ser

av Bjørn Eidsvåg

*Eg ser at du er trøtt
Men eg kan ikkje gå alle skrittane for deg
Du må gå de sjøl
Men eg vil gå de med deg
Eg vil gå de med deg*

*Eg ser du har det vondt
Men eg kan ikkje grina alle tårene for deg
Du må grina de sjøl
Men eg vil grina med deg
Eg vil grina med deg*

*Eg ser du vil gi opp
Men eg kan ikkje leva livet for deg
Du må leva det sjøl
Men eg vil leva med deg
eg vil leva med deg*

*Eg ser at du er redd
Men eg kan ikkje gå i døden for deg
Du må smaka han sjøl
Men eg gjer død til liv for deg
Eg gjer død til liv for deg
Eg har gjort død
til liv for deg*

Salmen "Eg ser" av Bjørn Eidsvåg har eg alltid likt, han skriv både gode tekstar og melodiar. Salmen har ein sterk budskap, og for meg etter kvart også ei personleg historie. Bestekameraten til Ivar Bjarte, bror min, lånte ein gong Mp3-spelaren hans. Midt mellom techno- og popmusikken i spelelistene gjekk låten "Eg ser" att. Litt overraska kommenterte han at han ikkje hadde trudd at Ivar hørde på slike låtar. Ivar svara at når han hadde det vanskeleg, hjalp det ofte å spele "Eg ser" nokre gongar. Før kunne eg høyre på låta fordi ho var vakker utan at tankane automatisk følgde teksten. I tida etter at Ivar gjekk bort har orda i salmen fått ei heilt anna meining og styrke.

Til neste nummer går utfordringa til ei som eg veit har mang ein salme kjær, og som eg håpar vil dele ein av desse med lesarane, Ingrid Haugetun.

Gamalt bilete frå Øygarden



Rydding av (ur-)skog i vegtrasè i Knappen. Året er 1989 og inntekta for dugnadsjobben gjekk til Vik bedehus.

Frå venstre: Per Landro, Magnus Torsvik, Erling Vik, Olav Martin Vik og Monrad Vik.
Foto utlånt av Anders Vik.



ØyNytt-rosa

Vi vil gjerne takka hagelaget, pårørende og våre eigne tilsette på dementavdelinga for stort engasjement i samband med dugnad i Sansenhagen vår juni '09. Dette er ein prydhage som med denne dugnaden fekk eit flott løft. Sansenhagen er vi stolte av og den er til stor glede for alle på Tednebygg omsorgssenter. Takk for innsatsen – slikt varmar!

Britt-Jorunn Landro

Einingsleiar pleie og omsorg

Vinnar av ØyNytt's påskekrussord

Arne Ulvolden, Perhusbakken - 5334 Hellesøy
Premie er sendt. Vi gratulerer!

Opning av dei offentlege kontora i Rong senter:

Biblioteket, NAV-kontoret og kyrkjekontoret i nye lokale

Tekst og foto: ONT

Denne våren har det vore stor aktivitet med flyttesjau både for biblioteket, det nye NAV-kontoret og kyrkjekontoret. Kommunepolitikarane har tidlegare gjort vedtak om at heile kommuneadministrasjonen skal samlast på Rong. Som ein konsekvens av dette måtte nokre kontor flytta til nye lokale i Rong senter.

I juni vart dette markert med ”ope hus”. Fleire av innbyggjarane i kommunen nytta seg av tilbodet og fekk med seg både opninga som vart føreteke av ordførar, og omvisinga med kakebord i etterkant.

Dei tilsette på kyrkjekontoret vil nytta høve til å takka kommunen v/Åse Vik for god tilrettelegging og velvilje i flytteprosessen. Vi har fått svært tenlege lokale her på Rong senter som fungerer godt i høve til den tenesta vi skal utføra for innbyggjarane i Øygarden.

Kyrkjekontoret held fram med minibokhandelen i samarbeid med Bok & Media. Kari S. Rong viser her fram noko av det vi kan tilby. Velkommen innom.



Biblioteket sine tilsette rundt bordet i barneavdelinga



NAV har fått gode lokale for å yta service til brukarane sine



Gåve til Hjelme gamle kyrkje

Under opninga av dei offentlege kontora på Rong senter i juni, vart det også overrekt gåve til vedlikehald av Hjelme gamle kyrkje. Heile 16.000 kr var samla inn av nærmiljøutvalet i Bakken krins. Det kostar mykje å halda oppe kvaliteten på ei slik gamal

kyrkje. Men med denne økonomiske hjelpa og dugnaden frå vennene av kyrkja skal vi greia å ta vare på dette historiske bygget på ein god måte. Fellesrådet sender stor takk attende for denne ”drahjelpa”.



TV-aksjonen '09:

- Jeg får lov til å hjelpe andre

Angelique Awa (29) fikk hjelp av CARE da hun flyktet fra Rwanda. I dag jobber hun selv for CARE.

– Det er drømmejobben min. Jeg får lov til å hjelpe andre som er i nød slik CARE hjalp meg den gangen. Nå jobber Angelique for TV-aksjonen som i år går til CARE.

Angelique var bare 15 år da hun og familien hennes ble tvunget til å flykte fra folkemordet i Rwanda i 1994. – Jeg har forsøkt å glemme denne delen av livet mitt, men i dag forstår jeg at det er en del av den jeg er, sier Angelique.

Hun har levd i trygghet i Norge siden 1999. Etter at FN ga henne papirer på at hun er flyktning, fikk hun komme til Norge. Hennes beste venninne fra Rwanda hadde allerede reist til Norge, til Sandnessjøen. Der fant også Angelique sitt første norske hjem. Senere flyttet hun til Mo i Rana, der hun tok videregående. Nå tar hun mastergrad i Afrika-studier ved Universitetet i Oslo ved siden av jobben i TV-aksjonen CARE. Hun bor nå sammen med samboeren i Oslo.

Flyktet med familien

Det er langt tilbake til virkeligheten i Rwanda – til huset i Kigali, der hun bodde sammen med faren, stemoren og de fire halvsøskenene. De hadde et godt liv inntil 6. april 1994. – Da ble den rwandiske presidentens fly skutt ned. Jeg husker det som om det var i går. Få timer etter at presidenten ble drept, begynte soldater å patruljere i bydelen vår. De hevdet at landet var under angrep og at de lette etter opprørere. Det som egentlig skjedde, var et nøye planlagt folkemord. 8000 mennesker ble drept i løpet av ett døgn.

På veien til besteforeldrene fikk de se det ufattelige som skjedde i landet deres. 800 000 mennesker ble slaktet ned i løpet av bare tre måneder. – Det lå lik foran husene, døde mennesker lå overalt i veien. Vi så lik som ble kastet i elva. Vi lukket døden. Av og til hørte vi skudd, men det ble mindre av det da vi kom frem, sier Angelique.

Øygardskoret

Blomvåg kyrkje kvar tysdag
kl. 19.30- 21.30.

Første øvingsdag : tysdag 8. september

Øygarden barnekantori

Alvheim skule kvar torsdag kl.14.25- 15.20

Koret er for barn frå 3. trinn og oppover.

Første øvingsdag: torsdag 3.september

Fikk hjelp av CARE i flyktningleir

De ble ikke lenge i Gisenyi. Der fikk de høre grusomme historier fra andre flyktninger, og bestemte seg for å flykte de siste fem kilometerne til Kongo. – To millioner mennesker var på flukt i likhet med oss. Veien var full av mennesker. Vi mistet hverandre og jeg var to uker alene før vi fant hverandre igjen. Jeg hadde vært i den kongolesiske byen Goma før – det var der moren min bodde – så jeg visste hvor jeg skulle gå.

CARE ga omfattende nødhjelp til flyktningene. Det hun husker best, er biler med "CARE" skrevet på siden; logoen ble et symbol på håp midt i det grusomme. Hun husker også at de delte ut kjeks. Smaken var himmelsk!

– Det føles bra å jobbe for CARE, den organisasjonen som ga meg troen på at det finnes noe godt i mennesker selv i tider der alt virker håpløst og svart. Det gjorde veldig inntrykk på meg, sier hun.



OLA HOVDENS LEGAT

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgare utdanning.

"Under elles like vilkår skal dei gå føre som tek sikte på høgare utdanning i 4 år eller meir ved høgskule, universitet eller anna utdanningsinstitusjon, medrekna slik som gjev praktisk utdanning" (sitat statuttane)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under "søknadsskjema" (www.oygarden.kommune.no) Søknadsfrist er 31 oktober 2009.

- styret-

PROSTITUR TIL THAILAND

26/2 – 12/3 2010

Brosjyrar finn du på kyrkjekontoret. Vi sender også i posten!

Friluftsgudsteneste i Pardalsmyra

Tekst og foto: Kari S Rong

Den 14.juni samlast me ein liten gjeng ved Teknologisenteret for å ta turen til gudsteneste i Pardalsmyra denne fine søndagen. Då me kom ut var det allereie folk på plass som hadde laga til eit fint alter med blomar og ein kross av tre-kvistar. Og så seig det litt fleire folk til litt etter litt. Me hadde fuglekvisiter som musikk til songen denne dagen. Svensn tala over 1.Mos.18, då Abraham møtte den Tre-Eine Gud i Mamre lund. Etterpå grilla me, snakka med "naboen" og fekk nyta sola i lange drag. Då me gjekk heimatt såg me at det blæs stiv nordavindskuling, noko me ikkje merka noko til i Pardalsmyra. Så dei som ikkje fekk dette med seg i år, kan kanskje få dette med seg neste år.



Ung, frelst og gla`, æren skal Jesus ha.

I åra 1940 og 1941 var Rasmus Haugetun sjuk. Då tok han imot Jesus som sin Herre og Frelsar. Vitnemålet hans var: - "Eg hadde slik hug til å vera i lag med Jesus". Hausten 1942 gjekk han på bibelskule i Bergen. Året etter fekk han kall frå Den Indre Sjømannsmisjon om han ville reisa som forkynnar.



I februar 1944 skulle Rasmus Haugetun til Sunnmøre for å halda nokre møter. Han gjekk ombord i hurtigruta "Irma" i Bergen og gjekk i land i Ålesund den 13. februar. Eit par timar etter blei båten torpedert. Den sokk i løpet av nokre sekund og alle omkom. Rasmus reiste innover til Ørsta der han skulle halda nokre møter. Han var 22 år og ny som predikant. Då han skulle ta til med det første møtet, spurte han dei som hadde møtt fram om dei kunne ha eit bønnemøte og be for han. Dagen etter var bedehuset fullt. Alle ville sjå denne rare predikanten som bad om forbøn før han skulle halda møtene. Det vart vekkjing i bygda og Rasmus var der i 3 veker.

Mens han var der, kom ei eldre kvinne til han og sa ho hadde vorte så minna om å gi han eit ullteppe. Rasmus tok med takk i mot, sjølv om han hadde både gitar og koffert å bera på. Så bar det utover til Nerlandsøy på ytre Sunnmøre. Der skulle han også halda nokre møter. Då han skulle reisa heim, kom det ei kvinna til han og sa " Du kan ikkje reisa, han Jon gav seg over til Jesus i går". Han Jon var bestefar til Vegard Voldsund som er gift med Synnøve Sandøy frå Hellesøy. Det vart vekkjing i bygda og han Rasmus vart verande på Nerlandsøy i 6 veker.

Dette var under krigen og alle måtte ha eit sonepass. Rasmus Haugetun hadde vore så lenge på Sunnmøre at passet hans var gått ut. Han kunne ikkje reisa med hurtigruta med eit ugyldig pass. Han reiste inn til Ålesund og gjekk ned på kaien. Der var det ein båt som skulle til Bergen med nokre born som hadde vore på Sunnmøre. Det var krig og lite mat i byane, derfor fekk mange ein tur på landsbygda. Rasmus spurte om han fekk vera med båten og det fekk han. Han gjekk ned under dekk, tok fram ullteppet og ville leggja seg til å sova, men så hørde han tyske soldatar. Med eit ugyldig pass såg han for seg "Grini" og det som verre var. Ein soldat kom ned for å sjå kva han kunne finna under dekk. Rasmus hadde pakka seg godt inn i ullteppet og lest som han sov. Då soldaten kom bort for å vekkja han var det ei lita jente som sa "Ser dokker ikkje at hon sover?" Jau, soldaten såg det og gjekk, og Rasmus kom seg til Bergen.

Var dette med ullteppet tilfeldig?

Ingrid Haugetun

"Blåtur med Ichtys"



13.-14.juni var det blåtur med Ichtys. Som alle kan sjå, var det ein sporty og glad gjeng som reiste på tur!





Di kyrkje - ditt val!

Valpresentasjon frå valrådet i Bjørgvin bispedøme




FOTO: ESKO JAMSA



FOTO: KIRKENS INFORMASJONSTJENESTE

Val på Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin sine representantar til Kyrkjemøtet

 DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

Kva kyrkje vil du ha? Kven vil du skal sitja i Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting»? No kan alle kyrkjemedlemer som er 15 år eller eldre for første gong vera med på å bestemma dette direkte. Ved å røysta på bispedømerådet, er du med på å bestemma kva retning Den norske kyrkja skal gå i.

14. september er det både stortingsval og kyrkjeval. I Bjørgvin skal denne dagen tre av dei leke medlemene til bispedømerådet veljast. Dei vert også utsendingar frå Bjørgvin til Kyrkjemøtet.

Ytterlegare fire medlemmer i bispedømerådet vert i november valde av dei nye sokneråda. I tillegg skal prestane og andre tilsette i kyrkja velja til saman to medlemmer. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet.

Slik røystar du ved bispedømerådsvalet

- Valordninga er slik at kvart medlem ikkje røystar på ei liste (som ved soknerådsvalet), men på den personen dei helst vil ha inn.
- Røystesetelen er alfabetisk. Kandidatane skal difor ha like stor sjans til å bli valde, uavhengig av kvar på setelen dei står.
- Røystesetlar utan kryss vil bli forkasta fordi dei ikkje viser kven veljaren vil ha inn i bispedømerådet. Veljaren må difor rangere kandidatane ved å setje kryss (X).
- Det må setjast kryss for 1. valet ved den kandidaten ein helst vil ha inn i bispedømerådet.
- Det kan setjast kryss for 2. val – 5. val ved dei kandidatane ein vil ha som «reserve» om førstevalet ikkje kjem inn. Døme på korrekt utfylt røystesetel vil vera tilgjengeleg i vallokalet.

Nytt ved kyrkjevalet 2009

- Valdagar 13. og 14. september, samtidig med stortingsvalet.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Val av nye sokneråd og nye medlemmer til bispedømeråda.
- Kandidatane blir valde for to år.
- Røysterettsalderen er 15 år.
- I august vil alle medlemmer av Den norske kyrkja med røysterett motta eit valkort med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Storsatsinga på årets kyrkjeval er eit resultat av fjorårets kyrkjeforlik i Stortinget om tilhøvet mellom stat og kyrkje.

Bli kjent med kandidatane

På dei neste sidene får du ein kort eigenpresentasjon av kandidatane ved bispedømerådsvalet. Ein meir utfyllande presentasjon er tilgjengeleg på www.kyrkja.no/bjorgvin. Den utfyllande presentasjonen vil også bli sendt kyrkjekontora før førehandsrøystinga tek til 10. august.

www.kyrkja.no/bjorgvin

www.kyrkjevalet.no

Leke kandidatar i alfabetisk orden

Bodil Birkenes (54)



Erdal sokn, Vesthordland prosti. Lektor. Medlem av Erdal menighetsråd. Nestleder i Askøy kirkelige fellestråd. Styremedlem i Askøy søndags-skolelag.

Satsingsområde:

- Familiararbeid.
- Dåpsopplæringsarbeid.

Erland A. Fagermoen (67)



Balestrand sokn, Ytre Sogn prosti. Gardbrukar/pensjonist. Leiar, St. Olavs vener. Formann/styremedlem i Sogn Misjonssamband. Medlem i krinsstyret for NLM Bergen krins i fleire periodar.

Satsingsområde:

- Ressursar til å vidareutvikle trusopplæringa.
- At kyrkja og den lokale kyrkjelyden skal bety noko for så mange som mogeleg.
- Godt samarbeid mellom kyrkjelydane og misjonsorganisasjonane.
- At kyrkja skal vera ei open kyrkje der Guds Ord vert forkynt klårt og reint.
- Kyrkja må stå fast på si tradisjonelle lære i teologiske spørsmål.

Håkon S. Giil (66)



Hyllestad sokn, Ytre Sogn prosti. Pensjonert lektor. Leiar, Hyllestad sokneråd (inkl. fellestråd). Medlem i Ytre Sogn prostistyre. 2. varamedlem til Bjørgvin bispedømeråd. Utending på kyrkjemøtet 2008.

Satsingsområde:

- Realisere visjonen: «Saman vil vi ære Den treeinige Gud» ved å forkynde Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.
- Trusopplæringsreforma skal forståast som ein prosess som under ei nasjonal leiing skal gjennomførast i kyrkjelydane.
- Innføringa av ny salmebok, nye liturgiar og utarbeiding av plan for kyrkjemusikk

må appellere til grupper som føler behovet for fornying/nye uttrykksformer, men må også ta vare på kulturarv og verdifull, nedverd tradisjon.

- Skaparverk og berekraft, arbeid for ei berekraftig utvikling, lokalt, nasjonalt og globalt.
- Kyrkjene i Midtausten og vårt ansvar.

Sigbjørn Grønås (70)



Os sokn, Midhordland prosti. Professor. Tidlegare leiar i Os sokneråd. Tekstlesar/klokkar.

Satsingsområde:

- Dåpsopplæring.
- Global oppvarming/fattigdom i verda.
- Gudstenestefeiring.
- Kristen tenking i samfunnet.
- Diakoni.

Cathrine Halstensen (31)



Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti. Leder, Batteriet Vest selvhjelpssenter. Medlem, trosopplæringsutvalget i menigheten samt ulike komiteer og utvalg, bla. innen frivillighetsarbeid, kirkemusikk og omorganisering.

Satsingsområde:

- Diakoni og fellesskap.
- Kirken som kulturarena.
- Barne- og ungdomsarbeid.
- Økumenikk.

Grete Algrøy Herøy (53)



Fedje sokn, Nordhordland prosti. Driftssjef i Fedje kommune. Leiar i Fedje Sokneråd/fellestråd. Frivillig klokkar og medarbeidar kyrkjelydsblad.

Satsingsområde:

- Ressurser til å fortsetja og vidareutvikla trusopplæringa – for alle kyrkjelydar.

- Gode vilkår for tilsette og frivillige slik at bibelforteljningane og song- og salmeskatten vert formidla i mange ulike uttrykksformer til alle generasjonar.

Karl Johan Kirkebø (59)



Bønes sokn, Fana prosti. Salgsdirektør Onsoft Computer systems as. Menighetsrådsleder Bønes menighet. Styremedlem, felles menighetsblad, Fana prosti.

Satsingsområde:

- Strategi. At vi er beviste i våre valg på hva vi ønsker å prioritere og hvordan vi ønsker å gjennomføre det.
- Frivillighet. Hvordan oppmuntre mange til å finne sitt engasjement i kirken, legge til rette for dem, se dem og hjelpe dem.
- Gudstjeneste: Bidra til at det å feire gudstjeneste blir styrket som det bærende element i menighetsutviklingen.
- At kirken og den lokale menighet skal bety noe for så mange som mulig og være et kraftsenter i lokalmiljøet med lav terskel og stor takhøyde.
- Dåpsopplæring. At vi som kirke går inn med engasjement i dåpsopplæring og fyller hullet skolen etterlater seg.

Henny Koppen (54)



Nedstryn sokn, Nordfjord prosti. Høgskulelektor. Medlem bispedømerådet, Mellomkyrkjeleg råd og representant-skapen for KN. Tidlegare medlem kyrkjemusikkutvalet.

Satsingsområde:

- Formidle styrken som ligg i å leve livet saman med Jesus, nåde og velsigning.
- Trusopplæringsreforma, også med tanke på samspelet mellom kyrkja og organisasjonane.
- Kyrkjemusikk og kultur, ikkje minst i samband med ny gudstenestene.
- Økumenikk, misjon, integrering, fellesskap.
- Klimaspørsmål.

Røysterett på desse kandidatane har alle medlemmer av Den norske kyrkja i Bjørgvin som ikkje er prestar eller lek kyrkjeleg tilsette

Geirmund Kvamme (22)



Bergen domkirke sokn, Bergen domprosti. Student. Tidlegare styremedlem i Acta Sogn og Fjordane og regionstyret i Normisjon Sogn- og Fjordane.

Satsingsområde:

- Barne- og ungdomsarbeid. Det er svært viktig at kyrkja satsar på dette området, då trusopplæringa ikkje lenger har ei så sentral rolle i skulen. Vi må gjere konfirmantarbeidet meir interessant, og det er viktig å gje konfirmantane gode tilbod også etter konfirmasjonstida.
- Gudstenesta er møtepunktet i kyrkja, difor er det viktig at gudstenesteforma vert lagt opp slik at den treff alle generasjonar. Det å få til fellesskap på tvers av generasjonar gjev mange og store gevinstar.
- Kyrkja og organisasjonar treng mange frivilljuge og løna arbeidarar. Difor er det viktig å bruke tid og resursar på god rekruttering. Ein nøkkel til dette er å gjere kvarandre meir bevisste på nådegåver, og utfordre personar direkte på det ein veit er deira gåve.

Gustav Magne Landro (41)



Blomvåg sokn, Vesthordland prosti. Politioverbetjent. Leiar av Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Satsingsområde:

- Eg ynskjer satsing på gudstenesteutvikling og på born og unge sin plass i kyrkja.
- Eg vil ha fokus på aldersgruppa 30-55 og den ressursen desse er for kyrkja. Deira engasjement er grunnlaget for ei sterk folkekyrkje.
- Eg meiner kyrkja må endrast i takt med tida, men utan at ein skal endra vår klassiske bibeltru oppfatning.
- Diakoni og omsut for våre eldste viser at vi har respekt for tradisjonar og einskildmenneske.

- Samarbeid med frivilljuge, kristne organisasjonar vert viktig i ei tid der kyrkja treng stabilitet.

Hans Fredrik Lauvstad (65)



Førde sokn, Sunnfjord prosti. Seniorrådgjevar i skogbruk hos Fylkesmannen. Tidlegare leiar av soknerådet i Førde. Var med og skipa Kirkens SOS i Sør Hålogaland.

Satsingsområde:

- Miljøspørsmål, særleg knytt til forbruk, energispørsmål og klima. Ønskje om å gjere «Grøne kyrkjelydar» grønar, og meir forpliktande for medlemene.
- Misjon. Arbeidsmåten er i endring, og organisasjonane slit økonomisk. Er det mogleg og ønskjeleg å engasjere kyrkjeledane meir direkte i misjonsarbeidet?

Ingmar Ljones (66)



Arna sokn, Arna og Åsane prosti. Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune. Leiar Arna sokneråd. Leiar Bergen kyrkjelege fellesråd.

Satsingsområde:

- Sokna er grunneiningane i kyrkja. Eg er oppteken av at bispedømerådet skal arbeida for at det blir ope og tillitsfullt samarbeid mellom sokneråd, prest og andre tilsette i kyrkjelydane.
- Vi treng fleire frivillige medarbeidarar. Dei må få opplæring og oppfølging for å kunna ta del i kyrkja sitt arbeid; særleg trusopplæring og diakonalt arbeid
